

# Årsmøte Indre Nordfjord Turlag 2018

Onsdag 21.november 2018 kl.19.00

Stryn Vidaregåande Skule

**Støylane i Utvik**

**RUNDTUR Verlo - Myklebust - Kårstøystøylene**  
Turtid ca.3.5t ca.11km

Derre er ein rundtur som går gjennom 5 ulike støylar. Starter du turen med Verlostøylan, så får du ein meir jævn stigning på turen. Søk du Kårstøystøylene først ligg han på høgre punkt på turen, og der først ruke bratte part. Men så går turen dænnar for det meste vakk medneve.

Skal du til Verlostøylan kan du velje mellom 40 og 50 støyleng som har nesten same lengde. På Verlostøylan går du vidare gjennom støykva, gjennom lodd, og til vestre bro på marka is til Myklebuststøylan. Du kryssar støykva på eng og på ferds kjem til Myklebuststøylan.

Vel like nær Kårstøystøylene passerer du Hagestøylan som berre ligg eit stakkant 14 Myklebuststøylan. Et spakar etter Hagestøylan kjem du på skogveg som du følg ca.300m. Så tek du av mot vestre (skilting) på ei litte høgd is i delvis myrlend tørring. Følg raud marking! Båa er berre så du kjem nær Bergstøylan. Fra Bergstøylan er det kort vegg vidare til Kårstøystøylene. Derfor følg du skogveggen ca. 1km og så tek du støykvaen til vestre og følg skilting. Seinare kjem du inn att på skogveggen. Følg den vidare til startpunkt.

**Round-trip Verlostøylan - Myklebuststøylan - Kårstøystøylene**  
Time: approx. 3.5 hours Distance: approx. 11 km

This is a roundtrip that will take you five different støyler in the mountains above Utvik. If you start the trip by hiking to the Verlostøylan, you will get a steady climb. If you start with Kårstøystøylene, you have to take some steep parts since this is the highest point of the trip. From Kårstøystøylene the trail will mostly go downhill.

To the Verlostøylan you can choose hiking by either trail or tractor road both about the same length. At the Verlostøylan you will have to pass through the støykva. Continue through the engkva and pass out throughout the Myklebuststøylan. After a while on this trail, you will have to cross the Støykva over a bridge crossing the river. After passing Myklebuststøylan you will go to Hagestøylan. Can be seen from Myklebuststøylan.

When leaving Hagestøylan you will soon be following a tractor road. Follow this about 300 meters then turn left at the sign. From here you will have to follow a fairly rocky trail, partly in marshy terrain. Follow the red marking the trail. Closing in to Bergstøylan, the trail will be much better. From Bergstøylan there's short hike towards Kårstøystøylene. From Kårstøystøylene you must follow the tractor road for about 1 km and then take a shortcut to the left where you can follow signs. After a little while you will be back on the tractor road leading you back to your startingpoint.

Bilder opp / Photos above  
1: Kårstøystøylene; 2: Myklebuststøylene; 3: Gamal bru / Old bridge; 4: Kårstøystøylene  
Bilder ned / Photos below  
5: Hage - Myklebuststøylene; 6: Myklebuststøylene; 7: Bergstøylan; 8: Verlostøylan

**Teiknforklaring / Legend**  
• Her står du / You are here  
- - - Sti / Hiking path  
P Parkering / Parking  
— Veg / Road

**Allemannsretten / Åkke og bruk**  
- Du kan ferds rett i utmark til fots.  
- Du ferds skal ikkje vere til skade eller utryggle for andre eller for planter og dyr.  
- Du kan ferds i skog og mark.  
- Du kan ferds med utmark.  
- Du kan ferds med utmark.  
- Du kan ferds med utmark.  
- Du kan ferds med utmark.  
- Du kan ferds med utmark.

**Public access to the countryside / Åkke og bruk**  
- You have the right to roam freely through common land.  
- Show consideration for wilderness values.  
- Show consideration for other users of uncultivated land.  
- Always close all gates behind you.  
- Do not disturb animals and birds.  
- All game is protected except for game hunting.

**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**  
**Gjensidige Stiftelsen**  
**TURLAG**

Tavle over stinett Kårstøystøylene – Bergstøylene – Myklebuststøylene – Verlostøylene



## ÅRSMØTE 2018

### INDRE NORDFJORD TURLAG

Onsdag 21.november kl.19.00

Stryn Vidaregåande Skule

#### Sakliste:

- 1) Godkjenning av innkallinga
- 2) Val av møteleiar og sekretær
- 3) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 4) Årsmelding INT 2018
- 5) Rekneskap
- 6) Eventuelt
- 7) Val
- 8) Pause m/varmmat – kake og kaffi
- 9) Presentasjon Sogn og Fjordane Turlag  
v/ Odd Henrik Berge.
- 10) Bilder frå turar i 2018 v / Jan Skaare
- 11) Stiprosjektet - støyane i Utvik
- 12) Bilder frå tur Bødalsetra – Kjenndalen via Tjuvskora v/Olav Auflem

Velkomne

Olav Auflem

- leiar -



## Indre Nordfjord Turlag

### Årsmelding 2018

Årsmøte for 2017 vart halde fredag 24.november i Gamlesmia i Setrevegen i Stryn. Plassen var valgt for å markerer litt ekstra at INT var 40 år i 2017. Det møtte 37medlemar. Årsmøtet starta med musikkinnslag ved Arne M. Sølvberg og velkomst ved Olav Auflem. Utanom vanlege årsmøtesaker, som gjekk greitt unna, vart det vedtatt eit styrehonorar til styreleiar på kr. 5.000.00 pr. år, sak frå årsmøtet 2016. Det var også helsing til jubilanten frå Sogn og Fjordane Turlag ved styreleiar Marino J. Ask og helsing frå andre lokallag i fylket. Det er kontinuitet i styret, alle som stod på val tok attval utanom vararepresentantane Oddbjørg Myren Tonning og Lee Mikkelsen. Ny vararepresentant til styret vart Wenche Johanne Henden. Etter vedtektene skal det vere 2 vararepresentantar,så på årsmøte 2018 skal ein få på plass dette att. I hyttestyret for Vetledalssetra takka Tor Guddal for seg . Styret i 2018 har hatt slik samansetning:

Leiar:	Olav Auflem
Nestleiar:	Odd Henrik Berge
Sekretær:	Siv Solheim
Økonomiansvarleg:	Idar Skogli
Styremedlem	Jan Skaare
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tonning
Varamedlem:	Wenche Johanne Henden

## Gruppeleiarar:

Seniorgruppa: Oddmund Teigland

Bre – og Fjellsportgruppa: Siv Solheim

Barnas Turlag: Ingrid Henjum

INT – Unggruppa Kristine Tønning

Hyttestyret Vetledalssetra: Dag Greidungl/Jon Erik Greidung/Per Jakob Kyrkjeeide og Stig Skåre.

Det har i 2018 vore halde 4 styremøter og handsama 51 saker. I tillegg til styremøta har det vore halde ulike møter der styremedlemar har vore representert. Hastesaker har blitt tatt opp via eiga styreside Facebook, greitt at ein kan få avklart enkeltsaker kjapt på denne måten. Dei ulike gruppene har eigne møter og planlegg sine aktivitetar sjølve, noko som fungerer godt. Vi hadde ein flott medlemsauke i 2017, og trenden har halde seg også i 2018. Frå toppåret 2017 med 459 medlemar har vi pr. oktober 2018 549 medlemar. Aldri har turlaget hatt så mange medlemar, så det er viktig at vi greier å halde aktivitet og gode tilbod oppe. Det er familiemedlemskap som står for auken, dei andre held seg stort sett stabilt. Hovudmedlemskap familie har auka frå 32 til 51 og familiemedlemar hustand frå 88 til 157.

Hoved	Ungdom	Hønnør	Livsv.	Born	Skule	Husst.	Fam.Hust.	Fam.h.	Sum
186	23	48	1	17	12	54	157	51	549

## Turar i 2018

Vi har hatt nok eit år med mange ulike tilbod av turar . Det er kvart år spennande å sjå deltakartal på dei ulike turane og om vi treff med tilbuda våre. I 2018 ser vi at vi også har hatt fleire deltakarar frå andre turlag både i Sogn og Fjordane og frå Møre. Det viser at vi har ei spennvidde som interesserar mange, og ved hjelp av informasjon via sosiale media som facebook når vi utruleg mange. Det er i dag 1030 personar som fylgjer med på aktiviteten vår via desse sidene. Også i 2018 passerte vi over 70 ulike turar inkludert vårt nye tilbod om nybyrjarturar på Randoneeski. Totalt har vi hatt rundt 1600 deltakarar på dei ulike arrangementa våre, omtrent som i 2017. Det såg svært lovande ut etter ein kjempeflott

sommar. Dessverre vart hausten noko laber med mange avlysningar grunna dårleg ver. I Turmagasinet reklamerte vi i år for Strynekåpa (1530moh). Denne turen vart arrangert i slutten av juni med eit turfølge på 27. Kjempetur i spennande terreng. Av andre turar med stor deltaking kan nemnast:

Lodalskåpa/Oldeskaret/Ceciliekruna/Flofjellet/Beinesklovane/Hjellehyrna, og som vanleg stor oppslutning om Kom Deg Ut dagane både vinter og sommar. Opptur for 8.klassingar samla rundt 125 frå Ungdomsskulen i Stryn og Ungdomsskulen i Hornindal. Dessverre passa det ikkje for Ungdomsskulen i Olden i år. Onsdagsturane er krevjande å få til, kanskje må vi ha ein ny vri på desse turane for å nå fleire. Det er kjekke turar som vi fortsatt ynskjer å ha på programmet, men vi er avhengig av at tilbudet fenger både medlemar og ikkje-medlemar. Dette er eit gratistilbud til alle som er med.



**Per Jakob i fint driv over «Beinesklovane»**





Lodalskåpa i knallver juli 2018

### **Kurs 2018**

Odd Henrik Berge har deltatt og gjennomført Skredkurs i regi Sogn og Fjordane Turlag

14 stk. var med på Førstehjelpskurs i regi Stryn Røde Kors.

### **Opptur 2018**

Opptur vart i år arrangert på Nasjonalparksenteret i Oppstryn med rundt 125 elevar. På programmet stod omvisning ved senterert/støvelkastig/natursti mot Fosdalssetra og grilling ved Oppstrynsvatnet. Etter tilbakemeldingane ein grei plass å vere.

## Fellesamling Sogn og Fjordane Turlag

Indre Nordfjord Turlag stod i år som lokal arrangør av Fellessamlinga til Sogn og Fjordane Turlag på Hjelle Hotel. Her vart Eivind Skjerven hedra med heidersutmerking frå Sogn og Fjordane Turlag v/styreleiar Marino J. Ask.



## Representasjon /utsendingar til møter 2018

Utsendingar til årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag: Olav Auflem og Jan Skaare

Utsending til årsmøte i DNT – Ung: Kristine Tonning

Utsending til årsmøte Bre og Fjellsport: Siv Solheim

Utsendingar Fellesmøte SFT  
Olav Auflem/Odd Henrik Berge/Jan Skaare/Idar Skogli/Kristine Tonning/Siv Solheim og Renate Berstad.

Styremedlem Jostedalsbreen  
Nasjonalparksenter Oppstryn  
Olav Auflem

Møter vedr. Dagsturhytte Stryn  
Olav Auflem/Odd Henrik Berge

Kartprosjekt Stryn Kommune  
Per Jakob Kyrkjeide/Olav Auflem

Sogn og Fjordane Turlag  
Odd Henrik Berge, vara til styret  
Kristine Tonning, leiar Ungdomsutval

### Prosjekt 2018:

a) **Prosjekt Randonee-** utleige ungdom har hatt stor oppslutning. Odd Henrik Berge har ansvar og utleige av Randonee-utstyr til dei som har lyst til å prøve dette. Vi har gjennom Sogn og Fjordane Turlag også i 2018 søkt om midlar til ytterlegare å utvide med antal ski for utleige.



## b) Stimerking i Utvik:

Ein nærmar seg fullføring av dette prosjektet. Gjenstår merking av ruter på Tistham - og Moldreimstøylen samt merking av ruta mellom desse to støylane gjennom Stordalen naturvernreservat. Det har blitt utrulege 46 kilometer med merka stiar i dette område. Til glede for alle medleamar i turlaget og turistar som kjem til Utvik. Alle ruter vert lagt inn i kartverket, så etter kvart som det vert oppdatert vil ein finne rutene på Ut.no. Turlaget planlegg offisiell opning våren 2019 med tur til ein av støylane i området.



Her frå hytta til Lars Raae under dugnadsarbeid i 2017 ( Bergsstøylen)

## Vetledalssetra:

Hytta har vore godt besøkt også i 2018. Litt nedgang frå 2017 som var rekordår. Noko av årsaka i 2017 var nok at ein arrangerte Grunnkurs - Turleiar i Vetledalen våren 2017 og tur over breen til Slæom som medførte ekstra overnattingar på rundt 20 personar. Turlaget er godt nøgd med 80 overnattingar og 135 dagsbesøk. Vi oppfordrar medleamar til å ta turen inn til hytta. Med ny sti til Erdalssetra/Storesetra er dette ein fin søndagstur. Og vil ein overnatte er det fint å ta turen inn til nødbua Infimus som ligg ved enden av Erdalsbreen.

## Infimus



Nødbua Infimus. Vert utstyrt med Gassovn 2019. Kokemulegheiter er der allereie.  
Tilsynsansvarlege Arne Heggstad og Hans Støle.

Styret takkar alle turleiarar og alle som har vore med å hjelpt til på arrangement 2018 for arbeidet dei har lagt ned for turlaget.

Olav Auflem

Odd Henrik Berge

Idar Skogli

Siv Solheim

Jan Skaare

Renate Berstad

Kristine Tønning


## Årsmelding 2018 – Barnas Turlag

Styret har i år bestått av Ingvild Kvamme, Liv-Sissel Dale, Jan Skaare og Ingrid Henjum. Vi har hatt tre møter.


Vi har også i år hatt Turbopostene ute. Vi fekk inn 19 skjema, herav har 10 gått alle turene. Dette er litt færre enn i fjor. Det var egentlig som forventa sidan vi har hatt ein uvanlig regnfull høst i år.

Vi starta året med Kom deg ut- dagen. I år var den lagt til 150-års dagen til DNT, den 21.januar. Arrangementet hadde vi på eit tumleområde langs turløpene på Hydla. Vi fekk Arvid Hatledal til å trekke nokre ekstra løyper til oss der barna kosa seg med natursti, skileik og pølsegrilling. Det var ein strålende dag med sol og blå himmel. Vi antar det var at ca 150-200 innom. Natta før arrangerte vi «Natt i naturen» i samarbeid med speiderne. Vi satt opp lavvo der arrangementet skulle vere, og ein gjeng med glade barn og vaksne overnatta.

Høgdepunktet i år var deltakelse på Loen Skylift sin familiedag i forbindelse med 1 årsdagen. Vi fekk vi forespørsel om å lage natursti på Hoven. Dette ville vi sjølvsagt vere med på, og det var stor suksess! Mange folk var med på naturstien, til og med Turbo tok turen!







Høstens Kom deg ut-dag hadde vi ved Svingesetvatnet. Det var fiskeing, natursti og vi var så heldige få med oss Markane IL som hadde orienteringsløype. Det var ca 150 med på arrangementet.

Vi har år hatt fem arrangement, her er oversikt over turene og deltakelse. Som det ser har ca 500 vore med oss på tur i år.

Arrangement		Deltakelse
Kom deg ut dag – vinter	Hydla	150 – 200
Segestad		70-90
Buvatnet	Hornindal	14
Kom deg ut dag – høst	Svingesetvatnet	150
Lommelykt tur	Spjelkebu	60
Totalt		444-514

Vi er stort sett fornøyd med oppmøtet på turene våre i år, og håper at vi også neste år kan inspirere folk til å komme seg ut i naturen! Takk for i år og velkommen til å vere med oss på tur neste år!

Ingrid Henjum – 12 nov 18





(Grilling og fising på KDU Svingesetvatnet)



(KDU Svingesetvatnet)

## Årsmelding Ung – gruppa 2018

Turane vi satt opp var turar i nærleiken som passar dei fleste, nokre lettare turar og nokre tyngre. I år satt vi opp fire turar og ein av dei som stod på programmet blei gjennomførte. Kanopadling i Lodalen blei overraska bra, 11 stk. var med. Via-Ferrata som er den turen vi har hatt flest deltakarar på tidlegar, blei diverre ikkje gjennomført i år då turen blei satt opp litt for seint på hausten og vêret var for dårleg. Randoneeskia som vi fekk i vinter fekk vi ikkje brukt på turar då det ikkje blei nok påmelde.

I år som i fjor slit vi med deltaking og vi som sit i styret slit med å fylgje opp turane og gjennomføre dei då vi er mykje opptatt med jobb og andre ting som følgjer med det å vere ungdom. Difor hadde det vore kjekt og ikkje minst bra for ung-gruppa å få inn ein som er engasjert og vil drive ilag med oss.



- Leiar Kristine Tonning

## Årsmelding 2018 INT Bre og Fjellsport

Medlemmar i gruppa har vore: Per Jakob Kyrkjeeide, Vidar Dysthe, Jonny Hjelle, og underteikna.


Det var oppsett 7 turar i denne gruppa sin regi. Både skiturar, bre og fotturar. Varierende deltaking pga veir o.l. Nokre turar måtte avlysast pga dårleg veir, og vi set oppatt nokre av dei neste år.

Årets tur til Lodalskåpa var svært vellukka med strålande veir på toppen, og 34 glade deltakarar. Dette er ein populær tur og det var og mange på venteliste.

.Det er eit ynskje og mål i INT at både vaksne, barn og ungdom skal få mogeleigheit til å oppleve breane våre på nærthold.

Dette skal det jobbast aktivt med framover.

Underteikna deltok på Årsmøtet til Bre og Fjellsport som i år var i fantastiske Lofoten Det var aktive, lærerike og sosiale dagar med toppturar på ski, mykje veir og god snø.



Glade deltakarar på Lodalskåpa

Hornindal 14.11 2018

Siv Solheim leiar

Årsmelding frå Seniorgruppa ligg ikkje føre. Det har vore lite aktivitet i denne gruppa i 2018. Turlaget har vore med å arrangert 2 turar ilag med Stryn-og Hornindal Pensjonistlag med totalt 15 deltakarar.

Eiga årsmleding frå frå Vetledalshytta ligg heller ikkje føre. Det er heller ikkje noko krav om årsmelding, men det har vore greitt å hatt med litt om det som skjer i området.



Onsdagsturane har vore både og i 2018. Ved fint ver møter det som oftast opp folk. Litt dårlegare ver medfører ofte avlysningar eller få som møter opp. Uansett har vi mange trivelege turar , og oppsumert ligg vi på mellom 150 – 200 som har vore med.



Bilde frå onsdagstur til Vetledalssetra i samarbeid med trimgruppe i Oppstryn





Onsdagstur til Galten

**Resultatregnskap  
for  
Indre Nordfjord Turlag**

	<b>2018</b>	<b>2017</b>
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
3200 DNT-kontingent mv.	162 517	174 048
3210 Inntekter turar og aktivitetar	56 880	51 497
3220 Andre inntekter	20 598	28 577
3250 Overnatting/ salg mat Vetledalen	11 524	11 494
3400 Kulturmidlar / komm tilskot	8 000	12 000
3440 Gjensidigestiftinga	111 380	
3445 Gåve Sparebankstiftinga	10 000	
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>380 899</b>	<b>277 616</b>
Varekostnad	340	2 293
5500 Turleiarar (inkl. reiseutgifter)	292	2 292
5510 Kursutgifter for turleiarar	4 940	8 986
6360 Turkostnader	22 601	44 062
6500 Turutstyr	156 428	66 190
6510 Premier BT	7 065	
6560 Rekvizita Vetledalen	590	3 725
6600 Vedlikehald Vetledalen	0	198
6610 Vedlikehald Infimus	3 774	
6860 Adm.kostnader	7 906	11 798
7320 Annonser	29 421	43 164
7350 Heimeside, internett	625	625
7410 Adm.kont. DNT/ Turprogram	50 884	34 248
7420 Gåver	780	6 054
7500 Forsikringspremie Vetledalsseter	698	724
7710 Møteutgifter	42 859	41 869
7711 Godtgjersle styre	7 500	8 000
7770 Bank- og kortgebyr	1 417	889
<b>Driftskostnader</b>	<b>338 120</b>	<b>275 117</b>
8051 Renteinntekt bankinnskudd	631	357
8155 Rentekostnad leverandørgjeld		
<b>Årsresultat</b>	<b>43 410</b>	<b>2 856</b>

**Balanse  
for  
Indre Nordfjord Turlag**

		<b>31.10.2018</b>	<b>31.10.2017</b>
<b>EIENDELER</b>			
1570	Andre kortsiktige fordringer	14 155	0
1920	3795.30.24838	73 896	9 316
1930	3705.17.14629	145 626	220 003
<b>Eiendeler</b>		<b>233 677</b>	<b>229 319</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
2000	Egenkapital	-242 270	-198 860
2400	Leverandørgjeld	-12 188	-6 820
2900	Prosjekt Stimerking	20 781	-23 639
<b>Egenkapital og gjeld</b>		<b>-233 677</b>	<b>-229 319</b>